



REGIONRÅDET
VEST

STYREMØTE 23. JANUAR 2012

Stad: Fjell rådhus
Tid: 09:00 – 12:00

Sakliste:

01/12	Referat frå møtet 21.11.2011
02/12	Om prioriteringar og satsingsområde – strategisk næringsplan. Rapport om behov for næringsarealer i Bergensregionen. Næringsssjef Bård Sandal og Adm.dir. Algerøy og Rådg. Totland
03/12	Presentasjon av forprosjekt Sambandet Vest / Tverrsambandet v/ styreleiar Nils Marton Aadland, prosjektansvarleg Helge Hopen og Bård Sandal
04/12	Vedtektene for Regionrådet vest
05/12	Kulturminnevern – felles konsulent for bygningsvern
06/12	Førebuing: Tinget i Vest 13.februar
07/12	Styrerepresentasjon: 1. Kystsogevekene 2. Trigger 3. Styret i Helse-Vest
08/12	Meldingar 1. Status samhandlingsreform, Betre saman 2. TAF uttale til Hordaland fylkeskommune
	Lunsj

Sak 1/12 REFERAT

Konklusjon: Referatet godkjent.

Sak 2/12 NÆRARE OM PRIORITERING AV SATSINGSOMRÅDER STRATEGISK NÆRINGSPLAN OG RAPPORT OM NÆRINGSAREALER.

Dagleg leiar i Gode sirklar A/S og Næringsssjefen i Askøy hadde i førre møte ein presentasjon og gjennomgang av moglege satsingsområde i næringsplanen.

Styret slutta seg til tilrådingane som her vart gjort og bad om vidare oppfølging.

Ein kjem i dette møtet til å leggja opp til ei nærare prioritering av tiltaka, og ein viser til vedlagt dokumentasjon som vert fokusert i møtet.

Vidare er no rapport om behov for næringsarealer i Bergensregionen klar. Næringsssjef Sandal har representert regionen i eit felles prosjektarbeid i regi av BRB. Næringsssjef Sandal, Adm. dir. Algerøy og Rådg. Totland møter for å gjera greie for tilrådingane.

Konklusjon: Styret sluttar seg til dei gjevne tilrådingane.

Sak 3/12 PRESENTASJON AV FORPROSJEKT SAMBANDET VEST/TVERRSAMBANDET.

Styreleiar Nils Marton Aadland, prosjektansvarleg Helge Hopen og dagleg leiar Bård Sandal vil oppdatere styret i Regionrådet Vest om forprosjektet og status i saka om Sambandet Vest/Tverrsambandet.

Konklusjon: Presentasjonen vert teken til etterretning.

Sak 4/12 VEDTEKTENE I REGIONRÅDET.

Bakgrunn

Styret har bede om ei sak om den økonomiske delingsnøkkelen for utgifter i Regionrådet.

Område som må avklarast er :

- Fordeling av utgifter til sekretariat
- Medlemskontingent
- Modell for deling av andre kostnader

Gjeldande vedtekter er vedtekne av dei fire kommunestyra

Saksopplysningar

Adresse
Regionrådet Vest co/Sund kommune
Postboks 23
5371 Skogsvåg

Telefon leiar: 56 32 75 00
Telefaks: 56 32 75 01
E-post: post@regionradetvest.no
Nettstad: www.regionradetvest.no/

Praksis, dei to åra som har gått, er at alle driftskostnader blir fakturert kommunane med 50% etter folketal og 50% flatt. Dette gjeld alle driftsutgifter utanom sekretariatskostnadene. I praksis gjeld det hovudsakeleg utgifter til prosjektarbeid. Ordninga er slik organisert at dei som har utgiftene sender avrekning til dei andre kommunane for kvart prosjekt. Alle prosjekta har ein "eigarkommune" som syter for mellombels finansiering og så avrekning andsynes dei andre.

Kostnadane til sekretariat har i praksis vore dekt av den kommunen som har hatt leiar i regionrådet. Såleis har Øygarden kommune fullt ut dekt utgiftene i 2010 og 2011. Sekretariatet er sekretariatsfunksjonen som er knytt til arbeidet i regionrådet. I tillegg har det i perioden vore gjort vedtak om inndekking av den løyvde 20% stillinga inn mot sekretariatet for samhandling med Helse Bergen. Dette siste har på grunn av samhandlingsreforma og arbeidet med avtalar mellom kommunar og helseføretak, frå hausten 2011 og ut første halvår 2012 vorte noko større oppgåve enn forventa.

§ 5 gjeld medlemskontingent og modellen for denne. Så langt har det ikkje vore kravd medlemskontingent frå kommunane, det gjer også at det heller ikkje er lagt budsjett for regionrådet. Det er såleis i tråd med ei organisering som er optimalt flat.

Erfaringar frå andre regionråd

Det er ulike finansieringsmodellar for interkommunale samarbeid rundt omkring i landet. Nokre tilfeldig valte døme er tekne med her:

Salten Regionråd, som er samansett av 9 kommunar har ei ordning med kostnadsdeling etter folketal.

Nord-Gudbrandsdal som er ein region med 6 kommunar har ei ordning med deling av kostnadene der 50% vert delt etter folketal medan 50% vert delt likt.

Samarbeidsrådet for Sunnhordland er eit IKS og er samansett av 8 kommunar. Kostnadene vert dekkja med eit likt grunntilskot frå kvar kommune og eit tilleggstilskot pr. innbyggjar i kvar kommune. For 2012 er tala kr. 5.000,- pr. kommune og kr. 20,- pr. innbyggjar. I tillegg kr. 2,- pr innbyggjar som skal gå til eigendel prosjektarbeid.

Når det gjeld ordinært medlemskap i KS vert dette godtgjort for 2012 med kr. 27,23 pr innbyggjar og eit grunnbeløp på kr. 71.900. pr. kommune.

Saka omkring økonomiordning i Regionrådet vert med dette lagt fram for drøfting.

Sak 5/12 FELLES BYGNINGSVERNKONSULENT.

Ordførar i Sund og Fylkeskonservatoren i Hordaland har drøfta bygningsvern og ressursituasjon omkring temaet.

For å styrka fagfeltet har Fylkeskonservatoren gått inn for å oppretta ei felles stilling for Region Vest med ei delfinansiering av stillinga frå fylkeskommunen si side med kr. 300.000.

Fylkeskommunen går inn for å styrka kulturminnekompetansen utanfor fylkeskommunen og ser dette som ein veg å gå.

Dersom det er aktuelt med eit spleiselag her vert det såleis ei deling på om lag 50% på fylkeskommunen og 50% på kommunane. Tilsetjing/tilknytning er tenkt ved Museum Vest.

Eit anna høve som lyt nemnast er skjønsmidlar hjå fylkesmannen som finansieringskjelder. Dersom ein skulle oppnå ytterlegare finansiering hjå fylkesmannen i tillegg, kan denne stillinga verta rimeleg for kommunane.

Det vert elles vist til vedlagt korrespondanse og notat frå Fylkeskonservatoren.

Saka vert med dette lagt fram for drøfting.

Sak 6/12 FØREBUING TINGET I VEST.

Styret gav i møte 21. nov 2011 nokre føringar omkring tema for Tinget i Vest.

Etter dette legg ein opp til ein innleiande presentasjon av moglege samarbeidsområder for Regionrådet – slik det vart lagt til grunn ved etableringa og der potensiale for eit samarbeid vart drøfta.

Vidare, ein gjennomgang av prosjekt som er gjennomførte og er under gjennomføring.

Invitere Regionvegsjefen for gjennomgang av KVU – ordninga, eventuelt supplert med status av større vegprosjekt i Bergensregionen.

Eit alternativ som vart drøfta på rådmannsmøte nyleg er å invitera fylkesordføraren og få nærare informasjon omkring fylkeskommunen sine røynsler med regionsamarbeid.

Politisk drøfting.

Tidspunktet for møtet vart i sist styremøte fastsett til 13. februar. Det er kome signal om møtekollisjonar her. Det lyt også takast omsyn til eventuelle gjestar sitt høve å møta.

Saka vert lagt fram for drøfting.

Sak 7/12 STYREREPRESENTASJON

Jfr. vedlegg

Sak 8/12 MELDINGAR

TAF uttale til Fylkeskommunen (jfr. vedlegg)

Status Lokalmedisinsk senter (jfr. Vedlegg)

Ove Trellevik
Styreleiar

Per Hillestad
Sekretær

ORDFØRAR
RÅDMANN



Referat styremøte Regionrådet Vest

Mandag 21. November 2011 kl. 09.00 – 12.15

Øygarden rådhus

Til stades:

Ordfører Otto Harkestad
Ordfører Eli Årdal Berland
Ordfører Siv Høgtun
Ordfører Ove Bernt Trellevik

Rådmann Gerhard Inge Storebø
Rådmann Torgeir Sæter
Rådmann Odd Magne Utkilen

Sekretariatet: Per Hillestad og Dag Thorvaldsen (ref)
Informasjonsrådgjevar Vagleik Brekke

Forfall:
Rådmann Steinar Nesse

Til sak 25/11 møtte styreleiar Olav Martin Vik.
Til sak 27/11 møtte Sigmund Kvernes, Gode Sirklar as og Næringssjef Bård Sandal.
Til sak 29/11 møtte Kommunalsjef Marit Rinnan.

Saksliste:

Sak 24/11	Innkalling
Sak 25/11	Konstituering (vedlegg)
Sak 26/11	Referat (vedlegg)
Sak 27/11	Oppfølging SNP (vedlegg)
Sak 28/11	Sjølvbyggjarprosjekt
Sak 29/11	IKT (8 vedlegg)
Sak 30/11	Møteplan (vedlegg)
Sak 31/11	Regionrådet Vest. Rolle og innhald dei neste 4 åra.
Sak 32/11	Tema i Tingsete

Sak 33/11 Meldingar:

- Prosjektoversikt (vedlegg)
- Oversyn over tilskot frå Fylkesmannen hausten 2011 (vedlegg)
- IKKUS (vedlegg)

Sak 24/11 Innkalling

Vedtak:

Godkjend

Sak 25/11 Konstituering (vedlegg)

Ordførarane må velje ny leiar og nestleiar til styret i Regionrådet Vest. (Vedtektene §3 punkt 4) Regionrådet sin leiar i første periode har vert ordførar Olav Martin Vik og nestleiar har vert ordførar Knut Hanselmann.

Av vedtektene går det fram at sekretariatsfunksjonen skal gå på omgang. Sund kommune skal ha denne dei neste to åra. Rådmannen i Sund blir sekretariatsleiar.

- a) Val av leiar
- b) Val av nestleiar

Styreleiar Olav Martin Vik leia valet av ny leiar og ny nestleiar.

Vedtak:

Ny styreleiar blei ordførar Ove Bernt Trellevik.

Ny nestleiar blei ordførar Eli Årdal Berland

Sak 26/11 Referat frå styremøtet 13/12-2010 (vedlegg)

Vedtak:

Godkjend

Sak 27/11 Oppfølging SNP (vedlegg)

Gode Sirklar AS og nærings sjefen i Askøy, la fram ein rapport om arbeidet med oppfølging av Strategisk næringsplan (SNP) for Bergensregionen.

Vedtak:

Styret i Regionrådet Vest slutta seg til tilrådingane og bad arbeidsgruppa og styringsgruppa følgja opp dei enkelte tiltaka. Styret ber om at det blir satt nærare fokus på praksisnær utdanning.

Sak 28/11 Sjølvbyggjarprosjekt (Jf. Sak 14/11 den 27.6.2011)

Målgruppa er personar med spesielle vanskar, som finner det vanskelig å etablere seg på bustadmarknaden. Sjølvbyggjarane vert engasjert i planlegging og praktisk arbeid knytt til oppføring og rehabilitering av eigen bustad.

Nye rammevilkår (endringar i plan- og bygningslova, finansieringsordninga i Husbanken og LOFA m.v.) gjer det naudsynt å tenkja nytt. Viktig å fristille byggjeprojekt frå kommunane, dvs. organiserast på annan måte enn sjølvbyggjarprosjektet i Meland kommune – der sjølvbyggjarprosjektet har sitt opphav.

Styret hadde saka til handsaming i møte 27.6.2011 og gjorde fylgjande vedtak: *Rådmennene tar opp saka på neste møte for å avklare om det er grunnlag for samarbeid. Styret tar saka til orientering*

Rådmennene handsama saka den 3. oktober 2011 og konkluderte med at Trigger AS kan vere aktuell som gjennomfører. Øygarden kommune lagar eit forprosjekt. Haugesund kommune har ein modell for gjennomføring og Trigger AS planlegg ein studietur. Ein fordel om alle kommunar er med på denne.

Vedtak:

Styret sluttar seg til framdrifta i saka.

Sak 29/11 IKT – prosjekt (8 vedlegg)

Kommunalsjef Marit Rinnan orienterte om prosjektet og la fram forslag til vidare handsaming.

Vedtak:

- 1. Rapport Forprosjektrapport forpliktende IKT-samarbeid vert godkjent*
- 2. Det vert etablert eit strategisk IKT-samarbeid i Region Vest.*
- 3. Det vert utarbeidd Felles regional IKT-strategi for Region Vest i løpet av første halvår 2012*
- 4. Etablering av eit forpliktende IKT-driftssamarbeid i regionen vert utgreidd nærare. Rådmennene legg fram ei sak til politisk handsaming i løpet av første kvartal 2012.*

Det vert laga felles saksdokument til politisk handsaming av forprosjektrapporten.

Sak 30/11 Møteplan 2012 (vedlegg)

Vedtak:

Styret sluttar seg til framlegget.

Sak 31/11 Regionrådet Vest. Rolle og innhald dei neste 4 åra.

Regionrådet Vest har no vore i funksjon i 2 år.

Ved konstitueringa denne gongen vert med dette styret invitert til å vurdera kursen og gje eventuelle signal om rolle og innhald dei neste 4 åra.

Vedtak:

Endring av vedtekter

Styret ønskjer ei sak om endring av vedtektene til neste styremøte.

Høyringar

Styret bør ha ei reell rolle i høyringar. Der det er grunnlag for felles standpunkt, vil det ha tyngde i den vidare handsaminga.

Konseptvalutgreiing (KVU) for transportsystemet i Bergensområdet

Sekretariatet lagar ei felles uttale for styret, basert på den enkelte kommune si høyringsuttale.

TAF - tekniske og allmenne fag

Sekretariatet gjer innspel til Fylkeskommunen om tekniske- og omsorgsfag.

Strandsone

Styret ønskjer strandsoneproblematikken ivaretatt i eige prosjekt.

Sak 32/11 Tema i Tingsete

Det vert lagt opp til Tingsete 13. februar 2012. Styret gjer vedtak om tema i neste møte. Styret blir på det noverande tidspunkt invitert til å gi eventuelle signal om tema.

Forslag frå styret:

- *Gjennomgang av kva Regionrådet er og kva for samarbeidstiltak som finnast i regionsamarbeidet. (prosjektstatus)*
- *Samferdsle*
- *SNP for Bergensregionen*
- *Samhandlingsreforma*
- *IKT-prosjektet*

Sak 33/11 Meldingar

- *Prosjektoversikt- felles prosjekt og samarbeid (vedlegg)*
- *Oversyn over tilskot frå Fylkesmannen hausten 2011 (vedlegg)*
- *IKKUS – etablering av felle kulturfond/Periferifestivalen (vedlegg)*

Regionrådet Vest

Møteplan 2012

Type:	Dato: (Mandager)	Sted:
Rådmannsmøte	16. januar	Øygarden
Styremøte	23.januar	Fjell
Tinget i Vest	13.februar	Sund
Rådmannsmøte	12.mars	Sund
Rådmannsmøte	16.april	Askøy
Rådmannsmøte	14. mai	Fjell
Styremøte	4.juni	Sund
Rådmannsmøte	20.august	Øygarden
Styremøte	3.september	Askøy
Tinget i Vest	17. september	Øygarden??
Rådmannsmøte	1.oktober	Sund
Rådmannsmøte	19.november	Askøy
Styremøte	3.desember	Øygarden

Kulturminnevern og museum. Erfaringar frå Hordaland:

Per Morten Ekerhovd, fylkeskonservator

1. Bakgrunn: museumspolitik i Hordaland

Musea i Hordaland er viktige forvaltarar av samfunnet sitt kollektive minne, dei formidlar og tek vare på verdifulle gjenstandar og bygningar og den immaterielle kulturarven. *Fylkesdelplan for museum 2003-2008* hadde mellom anna denne målsettinga: ”Målet med ein ny museumsstruktur er å få fagleg og administrativt sterke museumseiningar som skal gje eit utvida museumstilbod til alle regionane.” Etter museumsreforma femner ni konsoliderte museumseiningar geografisk og tematisk over heile Hordaland. Musea har statleg, fylkeskommunal og kommunal finansiering av drifta. Hordaland fylkeskommune løyver pt om lag 40 mill NOK/år til drift av institusjonane frå eigne budsjett. I tillegg kjem midlar til ulike prosjekt og investeringar.

Politiske føringar frå stat og fylkeskommune peikar ut nye oppgåver for musea: Institusjonane skal i større grad enn tidlegare setjast i stand til å gje fagleg bistand, råd og vegleiing til kommunar, organisasjonar og frivilleg sektor og private. Musea er institusjonar spekka med kunnskap, og denne må gjerast tilgjengeleg for samfunnet. Musea spelar rolla som kunnskapsinstitusjonar på ulike vis: dei skal vera innhaldsrike skattkammer der publikum kan oppsøkja kunnskap og opplevingar. Samstundes skal musea vera pågåande aktørar, som set dagsorden, tek aktivt del i samfunnet og stiller utfordrande spørsmål. Grunntanken om at musea er til for alle, må vere i fokus slik at den utoverretta verksemda til musea vert tilgjengeleg for alle samfunnsgrupper.

Å gjere tydeleg dette samfunnsoppdraget for musea, er ein raud tråd i Hordaland fylkeskommune sin nye regionale museumsplan 2011-2015: ”Musea skal vera profilerte samfunnsaktørar som gjennom museumsfagleg verksemd medverkar til refleksjon om fortid, samtid og framtid. Musea skal utviklast som kunnskapssentra og organisasjonar, med fagleg styrke som kjem samfunnet til del”.

2. Musea og kulturminnevernet i Hordaland

Etablering av ordning med bygningsvernkonsulentar:

I Hordaland er kulturhistorisk arbeid på musea og kulturminnevernet to sektorar som står i nært samband med kvarandre. *Fylkesdelplan for museum 2003-2008* og *Fylkesdelplan for kulturminnevern 1999-2010* hadde begge som mål å styrkje musea si rolle i kulturminnevernet. Som ei følge av desse planene vart det oppretta stillingar som bygningsvernkonsulent ved fire av musea: Hardanger og Voss museum i 2000,

Sunnhordland museum i 2002, Museumssenteret i Hordaland i 2005 og Bymuseet i 2006. I tillegg oppretta ein stilling som konservator i museumsfaglege spørsmål ved Museumssenteret i 2007.

Fylkeskommunen tok initiativ til ordningane og har påteke seg hovuddelen av finansieringa i spleiselag med musea. Eigne avtalar regulerer forholdet mellom partane (museum og fylkeskommune).

Hovudmålsetting for ordninga var å sikre større lokal tilknytning og nærleik til saker i lokalsamfunna gjennom rådgjeving i kulturminnevern og museumsfaglege spørsmål. Konsulentane skulle yte fagleg hjelp i sine respektive regionar både innafør musea, til fylkeskommunen, kommunane, eigarar av kulturminne, ålmenta, skular, frivillig sektor og næringsdrivande.

Erfaringane frå ordninga har vore gode. Musea har stilt sin kompetanse til rådvelde for andre og har gjennom ordninga arbeidd utoverretta på ein ny måte. Bygningsvern er vorte meir synleg og tilgjengeleg, ein har bygd ny og viktig kunnskap og skapt nye haldningar til fagområdet. Særleg i kommunane har dette vorte ein god ressurs til stor hjelp i lokale saker. Ordninga har dessutan vore viktig for å hjelpe private tiltakshavarar med utforming av prosjekt og søking om stønad frå t.d. Norsk kulturminnefond. Det har vore stor etterspurnad etter desse tenestene og eit ønskje frå mange kommunar og muse om å styrkja denne typen samhandling mellom musea og samfunnet. Bygningsvernkonsulentane er dessutan del av eit sterkt fagnettverk mellom musea og regional og lokal forvaltning og har bidrege sterkt til auka samarbeid mellom ulik fagmiljø i Hordaland.

Utvikling av samordninga mellom musea og kulturminneforvaltinga

Stortingsmelding nr 16 (2004-2005) *Leve med kulturminner* gjev musea høve til å ta ei aktiv rolle i å følgja opp den nye kulturminnepolitikken. Dette er ei viktig oppgåve som støttar opp om musea si rolle som kunnskapsforvaltar og samfunnsutviklar, og utviklar eit felt som ein har erfaringar med i Hordaland, der musea allereie er ei viktig drivkraft i det samla kulturminnevernet.

Hordaland har 33 kommunar. Bergen kommune har eigen kulturminneetat. Ingen av dei andre kommunane har øyremerkte administrative ressursar til kulturminnevern. I desse kommunane vert feltet anten forvalta som del av kulturverksemda eller den generelle plan- og byggjesaksforvaltinga. For fylkeskommunen som regional kulturminnestyresmakt er dette vore utfordrande. Det gjev eit sårbart kulturminnevern lokalt nivå og kan føre til at mange kulturminnesaker vert oversett eller ikkje handsama korrekt i kommunane. Dermed står ein fare for å tape omfattande kulturminneverdiar, særleg i vekstkommunar utan intern kompetanse. Ein tydeleg konsekvens er at fylkeskommunen må handsame mange lokale enkeltsaker. Med betre kulturminnekompetanse i kommunane kunne mange av desse vore

handtert og utvikla på lokalt nivå. Auka kompetanse kunne dessutan ha ført mange saker over frå å vere rein lovheimla forvalting til å bli interessante lokale utviklingsoppgåver – anten som bygningsverntiltak, formidling, tilrettelegging til ny bruk eller utviklingsprosjekt i skjæringsfeltet med andre sektorar (jf kulturminnevern og verdiskaping, ny bruk av gamle landbruksbygg, bulyst-ordninga, den kulturelle skulesekken mv).

Det er ikkje realistisk å forvente at mindre og mellomstore kommunar prioriterer eigne stillingsheimlar til kulturminnespørsmål. Men, erfaringane frå Hordaland peikar på at det er mogeleg å løyse dette problemet. Gjennom ordninga med bygningsvernkonsulentar og regionkonservator har ein fått auka kulturminnekompetanse og engasjement i kommunane, i ålmenta og internt i musea.

Styrking av etablerte ordningar:

I staden for at kulturminnekompetansen berre er knytt til forvaltingsmiljøet i fylkeskommunen, bør ein utvikle og sikre at kommunane har tilgang til øyremerkte ressursar i eigen region. Hordaland fylkeskommune arbeider difor for at bygningsvernkonsulent-ordninga skal byggjast ut slik at alle kommunar og alle innbyggjarar i fylket får tilgang til same teneste, jf framlegg til Regionalplan for musea 2011-2015 (u. høyring). Stillingane som alt er oppretta har delt innsatsen mellom museumsinterne oppgåver og eksterne oppdrag i om lag to like delar. Det er forventa at stordelen av kapasiteten i den vidareførte ordninga er tilgjengeleg utanfor musea.

Gjennomføring krev dermed at musea i større grad enn før rettar sine ressursar utover og tek ei sterkare samfunnsrolle. Det er også ein føresetnad at kommunane tek sin del av finansieringa av tiltaket som må vere tufta på eit klart og tydeleg samfunnsoppdrag. Oppdraget skal formast av fylkeskommune og kommunar i fellesskap og rettast til musea. Det er eit viktig prinsipp i ordninga at musea skal vere ein kompetanseberar og ressurs, men dei skal ikkje utføre noko form for lovheimla forvalting. Dette ligg i offentlege organ. Kommunar og fylkeskommune hentar inn råd og vegledning i enkeltsaker frå musea og fattar lovheimla vedtak eller innrettar sine budsjett i høve prosjekt mv.

Ein må ta stilling til i kva omfang ein skal hente inn råd - skal det skje systematisk eller skjønnsmessig? Det kan td. setjast som retningsline at det saker (byggesak+plan) som gjeld SEFRAK-registrerte bygningar vert sendt til musea for uttale før kommunane gjer vedtak.

Hordaland fylkeskommune har budsjettert med styrking av ordninga frå og med 2010 og har sidan november 2009 arbeidd i samråd med kommunane med gjennomføring av prosjektet. Slutføring av nye

og vidareføring av eksisterande avtalar vert gjort gjennom førebuande drøftingar med dei ulike regionråda (Regionrådet for Nordhordland, Samarbeidsrådet for Sunnhordland, Hardangerrådet og kommunane i Bergensregionen) og tingingar med dei enkelte kommunane.

Ved fire av dei konsoliderte musea er det ønskjeleg å styrkje eksisterande ordningar, dvs Museumssenteret i Hordaland, Bymuseet, Sunnhordland museum og Hardanger og Voss museum). Ved Museum vest er det løyvd fylkeskommunal finansiering for å få etablert ei ny ordning.

I tillegg til at ein sprer kulturminnekompetanse ut til kommunane har ordninga og ei viktig målsetting som spring ut frå behovet for betre samlingsforvaltning i musea. Mange av institusjonane har omfattande interne bygningsvernoppgåver. I Hordaland merkar Bymuseet i Bergen, Sunnhordland museum, Hardanger og Voss museum og Museumssenteret seg ut gjennom sine store bygningssamlingar med høg kulturminneverdi. Agatunet, Alvøen, Damsgård, Gamle Bergen og Havråtunet er slike døme. Desse kan berre sikrast dersom musea har høg kulturminnekompetanse.

Det bør stillast klåre forventingar til musea si forvaltning av eigne bygningssamlingar, då desse i høg grad ikkje vert handsama etter noko lovverk (pbl eller kml): Forvaltninga av musea sine bygningssamlingar skal gjerast etter ei målsetjing om beste praksis, jf UNESCO sine retningsliner. Som offentleg tilgjengelege stader står musea i ei særstilling for å vise fram korleis det praktiske bygningvernet kan utførast.

Forvaltninga av bygningssamlingane er i dag ujamn både når det gjeld materialval og handverksteknikkar (til dømes ser ein mykje bruk av moderne material som trykkimpregnert material og stjerneskrue eller at ein nyttar maskinfreste dekorelement som tidlegare har vore laga for hand).

Fylkeskommunen som sentral aktør for koplinga av museum og kulturminnevern

Styrka samband mellom musea og kulturminneforvaltninga på bygningsvernfeltet har mange føremoner. Gjennom sitt ansvar på kulturminne- og museumsfeltet er fylkeskommunane sett i ei særstilling for å gjennomføre slik samordning. I statleg forvaltning er ansvaret for dei to fagområda delt i ulike departement (museum: Kulturdepartementet og kulturminnevern: Miljøverndepartementet). Departementale skilje har antakeleg gjort at samordninga av feltet ikkje har vore vidareutvikla. I Hordaland fylkeskommune er forvaltingsansvaret for dei to fagområda dessutan sett i samanheng, mellom anna gjennom internt arbeid og organisering i Kultur- og idrettsavdelinga v/ Seksjon for kulturminnevern og museum.

29-01.2011

Per Morten Ekerhovd

Hei

Her er dokumentasjon/vedlegg til sak i rådmannsmøte – bygningsvernkonsulent

MVH
Per

Fra: Ove Bernt Trellevik [mailto:ove.trellevik@sund.kommune.no]
Sendt: 20. desember 2011 07:43
Til: Per E. Hillestad
Kopi: Gerhard Inge Storebø; Anne Grete Hareide
Emne: VS: HFKmuseumkulturminnevern02022011 (kupmek v1)

Hei,

Vedlagt følger ei sak eg har drøfta med Fylkeskonservatoren eit par gongar. Regionen ville stått sterkare i fleire samanhengar dersom me hadde hatt kompetanse på kulturminnespørsmål. Dette gjeld i alle relevante saker som t.d arealspørsmål, bygningsvern etc.

Fint om me kan få denne saka på sakskartet til drøfting i regionrådsmøtet 23 januar.

Med vennlig hilsen

Ove Trellevik
ordfører

Mobiltelefon 48028240
Telefon 56327557
E-post: ove.trellevik@sund.kommune.no
www.sund.kommune.no

Fra: Per Morten Ekerhovd [mailto:Per.Morten.Ekerhovd@hfk.no]
Sendt: 19. desember 2011 20:49
Til: Ove Bernt Trellevik
Kopi: Anna Elisa Tryti
Emne: HFKmuseumkulturminnevern02022011 (kupmek v1)

Takk for sist på samlinga på Øvre-Eide gard i Åsane !

Som avtalt legg eg ved notat eg skreiv tidlegare i år om ordninga med bygningsvernkonsulentar ved musea. Notatet er ikkje oppdatert etter at Regional plan for rmuseum 2011 - 2015 vart vedteken. Planen legg opp til at denne ordninga vert styrkt. Fylkeskommunen har sett av midlar til dette for 2012 og dersom Sund, Fjell, Øygarden og Askøy einast om spleiselag kan ein modell vere følgjande:

Hordaland fylkeskommune: 300.000,-/år
Sund, Fjell, Øygarden og Askøy: 300.000,-/år

Kommunane kan til dømes dele finansieringa etter folketal? Me hadde tenkt at ein bygningsvernkonsulent kunne vere tilsett ved Museum Vest og stå til rådvelde for alle kommunane i full stilling i kulturminnespørsmål.
Ei oppfølging etterpå kan vere at fylkeskommunen og komunane teikna avtale om partnerskap i kulturminnevern - der målsettinga var at alle slike spørsmål skulle avklarast tidleg, ikkje gav så mange konflikter og heller leidde til fleire spanande utviklingsprosjekt for lokalsamfunna.

Beste helsing, Per Morten Ekerhovd, fylkeskonservator

FJELL KOMMUNE

Rådmannen

Dato: 15.12.2011

Vår ref.: 2005/4143 - 25505/201

Ark.kode: 404

Notat

**Til: Styret i Regionrådet Vest
Helse Bergen, Askøy kommune, Fjell kommune, Sund kommune og Øygarden
kommune**

Kopi: Styringsgruppa for prosjekt "Betre saman"

Frå: Svein Fjelland

Grunnlag for planlegging av lokalmedisinsk senter - des. 2011

På møtet i styringsgruppa for prosjekt "Betre saman" vart det den 03.11.2011 konkludert med kva funksjonar/omfang av funksjonar som skal vera i det nye lokalmedisinske senteret på Straume. Teksten nedanfor er ei ajourføring av eit tidlegare notat av 07.10.2010 som vart sendt til alle kommunane og til Helse Bergen. Innhaldet i notatet skal vera grunnlaget for den vidare planlegginga. Siktemålet er å engasjera arkitekt vinteren 2012 slik at prosjektet er klar for anbod i midten av 2013. Drifta vil då kunna ta til i løpet av 2015.

Det er teke høgd for finansieringa av senteret i det investeringsprogrammet som rådmannen i Fjell har lagt fram til politisk godkjenning i desember 2011. Justering av kalkulert kostnad og framdrift i investeringsprogrammet vil verta gjort ved neste rullering når meir presis kunnskap ligg føre. Finansieringa er også eit tema i prosjektet "Helse – og sosialtenester i framtida", eit prosjekt mellom Fjell kommune og Husbanken. Det er t.d. alt klarlagt at alt areal knytt til sengefunksjonane i senteret vil nytta godt av Husbanken si støtteordning med 40% tilskot til investeringane.

1. Innleiing

Prosjektgruppa gjorde ferdig "Rapport frå prosjektet Betre Saman" i oktober 2009. Prosjektet femner om

(a) eit pilotprosjekt med 6 senger – oppstart februar 2010 og

(b) eit lokalmedisinsk senter med intermediær etterbehandling og observasjonssenger samt ei rehabiliteringseining og eit lærings og meistringssenter.

Leiinga i Helse Bergen slutta seg til rapporten i oktober 2009. Kommunestyra i Askøy, Fjell, Sund og Øygarden slutta seg til felles saksutgreiing med vedlagt samarbeidsavtale og rapport i tida desember 2009 – mai 2010. Kommunestyrevedtaka har denne felles ordlyden:

”1. Kommunestyret sluttar seg til samarbeidsavtalen mellom kommunane og Helse Bergen om drift av 6 intermediære plassar på Straume og med den økonomiske fordelinga som ligg i rapporten.

2. Prosjektgruppa sin rapport blir lagt til grunn for det vidare arbeidet med etablering av Lokalmedisinsk senter på Straume.

3. Prosjektgruppa får mandat til å følge opp piloten på Straume og planlegge innhald og organisering av det Lokalmedisinske senteret.”

Prosjektgruppa har halde fram arbeidet sitt i medhald av pkt 2 og 3 i vedtaket. Det har i første rekkje vore arbeidt med å sikra oppstart og drift av pilotprosjektet, men vidare planlegging av det lokalmedisinske senteret på Straume har også vore tema t.d. ligg det føre 3 delrapportar. I det følgjande vert det gjort greie for status for planlegginga av senteret med konklusjon for kvar funksjon. Siktemålet no er å engasjera arkitekt vinteren 2012.

2. Innhald i lokalmedisinsk senter

2.1 Intermediær eining

Denne eininga femner om senger til restbehandling av pasientar som har vore innlagt på sjukehus i Helse Bergen. Desse pasientane er ikkje ferdig behandla på sjukehusa slik at ei ”restbehandling” må gjerast på den intermediære eininga. I tillegg til desse sengene kjem observasjonssenger.

I pilotprosjektet er det 6 senger som vert nytta til restbehandling av pasientar frå Helse Bergen (dvs Haukeland Universitetssjukehus, Voss sjukehus og Kysthospitalet i Hagavik). Det er ei vedvarande utfordring å finna ”den rette pasienten” innlagt ved dei nemnde sjukehusa og som er frå dei 4 samarbeidande kommunane. Aktivt informasjons – og haldningsarbeid internt på sjukehusa inkludert besøk til pilotprosjektet samt ein fleksibel haldning til inntak, har ført til at piloten på Straume no har eit stabilt belegg med kort liggetid. Tilbakemeldingane frå pasientane er dessutan sær gode. Prosjektet vert evaluert av Agenda Kaupang vinteren 2012.

I rapporten ”Betre saman” er det lagt opp til at dei 6 pilot-sengene bør aukast til ca 10 senger til restbehandling i det nye lokalmedisinske senteret. Her er omtalen på side 9 i rapporten: *”Talet på intermediære senger vil vere avhengig av pasientgrunnlaget frå Helse Bergen. Dersom ein tek høgde for auke i pasientgrunnlaget, og dersom ein samanliknar med andre medisinske sentre, vil det vere behov for ca 10 intermediære senger for etterbehandling.”*

I drøftingane med Helse Bergen er det kome fram at 10 senger er behovet nokre år fram i tid. Det kan difor i driftsfasen verta aktuelt med ei gradvis opptrapping frå noverande 6 senger til 10 senger. Men det ligg fast at det må byggjast eit areal som gjev rom for 10 senger.

Konklusjon: Det er ikkje kome fram ny informasjon som endrar tal senger til restbehandling dvs. 10 senger.

Når det gjeld observasjonssenger, er kapasiteten omtala slik i rapporten ”Betre saman” s. 10:

”Observasjonsposten vil ha senger der primærlegane sjølve kan leggje inn pasientar for observasjon og behandling. Eldre med samansette lidingar, hjartepasientar, og kronikargrupper som eks diabetes og kols vil vere aktuelle pasientgrupper. Elles ønskjer ein

å kunne nytte observasjonsposten til ulike somatiske sjukdomar. Ut frå ei forsiktig vurdering har gruppa landa på fire senger. Bruken av observasjonssengene vil avhenge av kompetanse knytt til eininga, og kor flinke primærlegane er å nytte seg av tilbodet. Det bør utarbeidast kriterier for bruk av observasjonssengene for å sikre at dei vert brukt til dei rette pasientane.”

Helse Bergen vurderer med basis i statistisk analyse av storbrukarar av sjukehusenester frå dei 4 kommunane at 4 senger er eit passe omfang for eit samla innbyggjartal på ca 60.000. Askøy kommune melde frå i styringsgruppa sitt møte 03.11.2011 at kommunen ønskjer å vera sjølvhjelpen med observasjonssenger. Behovet må difor nedjusterast til 2 – 3 senger.

Konklusjon: Tal observasjonssenger vert etter dette fastsett til 2 -3 for kommunane Fjell, Sund og Øygarden. Pasientane vil verta innlagt frå fastlegar og legevakt.

2.2 Rehabiliteringseining

Rehabilitering er gjeve slik omtale i rapporten, side 10:

”Ei rehabiliteringseining er ei eining der fleire aktørar samarbeider for å bidra til at pasient/brukar oppnår best mogleg funksjons – og meistringsevne. Ved ei rehabiliteringseining vil ein få trent opp igjen funksjonstapet ved sjukdom. I tillegg til intermediær eining vil det vere ei rehabiliteringseining med senger og dagbehandling. Denne vil liggje i nærleiken av terapibassenget og den fysikalske eininga. Her tenkjer ein seg 10 dagplassar supplert med 10 senger. Eininga må tilpassast det tilbodet som i dag er i dei ulike kommunane.”

På oppdrag frå prosjektgruppe har ei brei samansett faggruppe våren 2010 vurdert innhald og behov for rehabilitering meir grundig. Gruppa understrekar i sitt notat av 24.06.10 at interkommunalt samarbeid innan rehabilitering må vera eit supplement til eksisterande og velfungerande tenester i den einskilde kommune. På grunn av mange uvisse faktorar (m.a. er det statistiske grunnlaget mangelfullt) er det vanskeleg å fastsetja behovet. Dei konkluderer difor med ein varsam oppstart og fleksibilitet i gjennomføring, jamfør side 4 i deira notat:

- *”10 senger / pasientrom.*

Gruppa ser for seg fleksibel oppstart og bruk der det vert starta opp med 5 – 7 døgnplassar. Dei resterande romma kan nyttast til t.d. kvilerom for dagrehabilitering og med moglegheit for å auka talet på døgnplassar til 10.

- *16 dagplassar (2 grupper à 8 personar).*

Talet på dagplassar heng saman med utnyttingsgraden av døgnplassar og kan aukast.”

Som ein vil sjå tilrår faggruppa fleire dagplassar enn det rapporten ”Betre saman” legg opp til. Fleksibilitet vert også sterkare understreka.

Konklusjon: Det vert lagt opp til ei sterkare satsing på dagplassar – 16 plassar. Når det gjeld døgnplassar, vert det teke høgd for i alt 10 slike. Askøy kommune har under vegs meldt i frå om at dei berre har behov for dagplassar til rehabilitering. Kommunen er sjølvhjelpen med døgnplassar.

Etter som behovet for døgnplassar er noko usikkert, må det leggjast til rette for ei enkel omgjering av nokre døgnplassar til dagplassar eller at ein nyttar nokre døgnplassar som ein generell ”kapasitetsbuffer” for det lokalmedisinske senteret

2.3 Lokalt lærings - og meistringssenter

I rapporten "Betre saman" går det fram at hovudmålet med eit slikt senter er *"å fremje uavhengighet, sjølvstende og evne til å meistre eige liv."* Pasientgruppa vil i særleg grad vera dei med diabetes, kols, hjarteskjukdom og overvektige. Læring for å meistra endra livsstil gjennom kurs og aktivitet er "oppskrifta." Om arealbehov står det dette på side 11 i rapporten:

"Eit lokalt LMS vil over tid kunna krevja ein stilling og eit kontor pluss tilgang til høvelege lokale for opplæring og trening. Det er viktig å utvikle ein modell for dei lokale LMS - Straume kan verta ein slik modell."

Ei arbeidsgruppe har vurdert både oppstart og organisering av tilbodet. Ein ønskjer å starta opp læringstilbod innan diabetes, kols, hjarte og overvekt i 2012 ved å bruka eksisterande lokale. Gruppa ser det som ønskjeleg å inkorporera kommunane si satsing på friskliv og senteret bør difor kallast "Friskliv – og meistringssenteret". Organisatorisk er det mogeleg å samla ressursane under ei leiing i senteret eller etablere eit desentralisert nettverk der senteret får ein rolle som koordinator.

Konklusjon: Det vert i planlegginga teke høgd for kontor for Friskliv – og meistringssentret. Det vil elles i stor grad verta lagt til rette for bruk av eksisterande lokale til opplæring og trening.

2.4 Røntgen

I rapporten "Betre saman" er røntgen omtalt som viktig for å gi støtte til medisinske vurderingar og for å hindra innleggingar på sjukehus. Løysinga kan i følgje rapporten vera *"at det vert etablert ein satellitt av Radiologisk avdeling ved Helse Bergen som kan drive polikliniske tenester på dagtid og serve legevakt på Fjell samt det lokalmedisinske senteret på ettermiddag."*

Samstundes går det fram av rapporten at denne løysinga vert svekka ved at det samla røntgentilbodet i Helse Bergen vert vurdert av Helse Vest til å ha tilfredstillande kapasitet. Denne situasjonen har vore drøfta med Helse Vest som har det overordna ansvaret for den samla røntgenkapasiteten. Dei har utfordra Helse Bergen til å vurdere problemstillinga og skissera ei mogeleg løysing innanfor noverande kapasitetsgrenser. I møte mellom prosjektet og Helse Bergen kom det fram at det er uaktuelt med eit lokalt røntgentilbod avgrensa til pasientar ved lokalmedisinsk senter. Ei anna løysing kan vera å etablere eit meir omfattande røntgentilbod på Straume i regi av radiologisk avdeling ved sjukehuset eller eit privat røntgeninstitut. Dette har Haukeland universitetssjukehus vurdert i ein eigen rapport som Helse Vest har finansiert. Her er konklusjonen på s. 31 i rapporten:

"Det anbefales at Fjell kommune innleder forhandling med Helse Vest om plassering av et bildediagnostisk tilbud på Straume i Fjell kommune. Ufra befolkningens behov, geografiske betraktninger og økonomiske vurderinger anbefales det å bygge et senter som ivaretar følgende behov:

- *Behov for bildediagnostikk for legevakt og observasjonspost*
- *Behov for bildediagnostikk for sykehjem og intermediærenhet*

- *Behov for bildediagnostikk for allmennlegetjenesten*
- *Behov for bildediagnostikk for avtalespesialister*
- *Kontroller av pasienter som skal til sykehuspoliklinikk*

Det anbefales et senter med

- *Konvensjonell radiologi*
- *Ultralyd*
- *MR*
- *CT*

Vi har forstått det slik at Helse Bergen ikkje vil bli tilført ekstra ressursar til å driva eit slikt tilbod på Straume. Det er heller ikkje aktuelt å redusera aktiviteten ved radiologisk avdeling på sjukehuset for på det viset å framskaffa ressursar til eit lokalt tilbod på Straume. Dermed står ein att med følgjande alternativ: at Helse Vest ved neste anbodutlysing for radiologi stiller krav om lokalisering av eit senter til Straume.

Helse Bergen rår oss difor til å drøfta ei løysing med Helse Vest som kan resultera i eit privat røntgentilbod i det lokalmedisinske senteret av det omfang som er skissert framom. Helse Vest er ansvarleg for å inngå kontraktar for kjøp av røntgentenester frå private aktørar. I samband med dette kan Helse Vest stilla vilkår m.a. knytt til lokalisering.

Konklusjon: Om det vert etablert eit røntgentilbod på Straume, er førebels uavklart. Det vert no teke kontakt med Helse Vest og ei avklaring vil venteleg liggja føre vinteren 2012.

2.5 Dialyse

Dialyse er behandling av pasientar med framskriden nyresvikt der ein fjernar avfallsstoff og vatn frå blod som sirkulerer utanfor kroppen. Behandlinga vert gjort på sjukehus og tek 4 timar 3 gonger i veka pr pasient. Haukeland sin kapasitet er nær på sprengt medan tal pasientar aukar med 30 – 40 pr år. Ei fersk statleg utgreiing tilrår meir desentraliserte løysingar.

Dialyse er ikkje omtala i rapporten ”Betre saman”. Temaet er teke opp i etterkant. Som ei mellombels løysing er det teke i bruk eit husvære i Straume bu – og servicesenter. Drifta er organisert som ein satellitt underlagt Haukeland Universitetssjukehus. Denne piloten med 5 dagplassar (behandlingsstolar) har no vore i drift sidan oktober 2010 på eit areal på ca 80 m². Pasientane har opplevd kortare transporttid, trygg behandling i rolege omgivnader og høg trivsel. Sjukehuset har fått auka kapasiteten til ein rimeleg penge på ein framtidsretta måte.

Den varige løysinga for dialysesatelitten vert å leggja til det lokalmedisinske senteret med nokre fleire plassar. Dialyse-avdelinga vil ta del i den detaljerte planlegginga og gjennom den prosessen fastsetja dei framtidige rammene for tilbodet.

Konklusjon: Dialyse er eit sjukehusstilbod som vil verta lagt til det lokalmedisinske senteret. Rammene for tiltaket vil verta fastsett i samband med den fysiske planlegginga. Til no er det nemnt at behovet truleg er 10 plassar organisert som dagtilbod i regi av sjukehuset.

2.6 Bynær fødestove

Helse Bergen og Fjell kommune har utgreidd prosjektet JordmorHeim avgrensa til Fjell kommune i den første fasen. Prosjektet starta opp 01.01.2011. Tilbakemeldingane frå dei fødande er gode og tiltaket vil verta evaluert av Agenda Kaupang vinteren 2012. Seinare er det aktuelt å utvida prosjektet til heile regionen om det er interesse for det. Dette prosjektet krev ikkje særskilde lokale i det nye lokalmedisinske senteret.

Det vert også drøfta om ein skal starta opp med å utgreia ei bynær fødestove. Ei naturleg lokalisering av ei slik fødestove er det lokalmedisinske senteret.

Konklusjon: Tilbodet om bynær fødestove er førebels ikkje utgreidd og det er difor uavklart om det kan verta aktuelt. I den vidare fysiske planlegginga må det leggjast til rette for ei seinare mogeleg utviding som kan husa den bynære fødestova.

2.7 Andre aktuelle funksjonar

I etterkant av rapporten "Betre saman" har det stundevise vore drøfta om det er aktuelt å auka omfanget til den intermediære eininga ved å inkludera enno fleire pasientgrupper. Også polikliniske tenester kan tenkjast lagt til senteret. Etter kvart som presset på sjukehusenester aukar og det medisinske fagmiljøet ser at kvaliteten på dei intermediære tilboda er god, vil truleg etterspurnaden etter slike løysingar verta større.

Konklusjon: Det er førebels uavklart om det også er andre funksjonar som spesialisthelsetenesta kan tenkja seg lagt til det lokalmedisinske senteret. I den vidare fysiske planlegginga må det leggjast til rette for ei seinare mogeleg utviding.

3. Økonomiske tilhøve for å realisera lokalmedisinsk senter

Det intermediære pilotprosjektet er realisert i forkant av samhandlingsreforma. Dei samla drifts – og kapitalutgifter (husleige) første driftsår (2010) er på ca 5,6 mill. Dei er dekkja slik:

- 1,0 mill i tilskot frå staten
- 4,6 mill er fordelt likt mellom kommunane og Helse Bergen.
- Dei 4 kommunane fordeler sin del av utgiftene (dvs 2,3 mill) etter folketalet. Dessutan har kommunane fått 0,6 mill i tilskot frå fylkesmannen slik at berre 1,7 mill står att som kommunal eigenfinansiering.
- Finansieringa er med andre ord eit godt spleiselag.

Samhandlingsreforma, oppfølgjande dokument og statsbudsjettet for 2012 gjev ikkje klare svar på framtidig utgiftsdekning mellom helseføretak og kommunar. Det vert peika på at økonomiske spleiselag basert på avtalar mellom partane er vegen å gå, men det er ikkje signalisert ei prosentvis fordeling av utgiftene; det er berre vist til døme om korleis pilotprosjekt er finansiert. Det ligg likevel klare føringar til helseføretaka om å ta del i slike spleiselag. Kommunane må dekkja sin del av spleiselaget frå den varsla veksten i kommunale inntekter som følgje av samhandlingsreforma. Dessutan vil ein i oppstatstida kunna søkja om statlege midlar som ei delfinansiering.

Konseptet for finansieringa av det nye lokalmedisinske senteret vil vera det same som for pilotprosjektet; kommunane og Helse Bergen må saman finansiera drifts – og kapitalutgiftene

etter ei fordeling aktørane vert samde om. Fjell kommune vil vera huseigar/leiga ut arealet og stå for låneopptak til bygget. Det vil verta søkt om tilskott frå Husbanken for sengeareal med tilhøyrande fellesareal. For tida utgjør slike tilskott 40% av byggekostnad avgrensa oppover til kr 888.000 pr seng.

Nedanfor vert det gjeve ei skisse til finansieringsopplegg for drifta:

For den **intermediære eininga** med senger for restbehandling legg ein førebels til grunn ei lik fordeling av utgifter mellom Helse Bergen og kommunane. Kommunane fordeler sine utgifter etter folketalet med høve til å avrekna ved store avvik.

Observasjonssenger – eller døgnkontinuerlege ØH-senger – skal finansierast fullt ut gjennom samhandlingsreforma. Tilbodet vil gjelda for kommunane Fjell, Sund og Øygarden.

Finansieringa av **rehabiliteringseininga** er ei utfordring. Samhandlingsreforma legg opp til å overføra ein god del av dei pasientane som i dag vert behandla i spesialisthelsetenesta til kommunane. Spesialisthelsetenesta sitt ansvar i framtida vil i hovudsak vera tiltak som krev spesialkompetanse eller spesialutstyr samt utgreiings – og rettleiingsansvar. Rehabilitering vert såleis meir ei kommunal og interkommunal oppgåve. Likevel vil det vera gråsoner og behov for tett samhandling for å nytta felles kompetanse.

Dei økonomiske konsekvensane av dette er ikkje avklart enno og i påvente av dette kan ei finansieringsløyising vera slik:

- Kommunane må vera budd til å dekkja det meste av utgiftene etter ei fordeling bygd på folketalet. Kommunane er her Fjell, Sund og Øygarden, medan Askøy berre skal betala for dagplassar.
- Det vert teke eigenbetaling i tråd med praksis i rehabiliteringsinstitusjonar og kortidsplass/dagplass i kommunehelsetenesta.
- Helse Bergen dekkjer ein mindre del knytt til gråsoner/samhandling og forhandlingar.

Lokalt frisklivs – og meistringssenter er i sin natur førebyggjande helsearbeid og ei framtidig kommunal oppgåve dvs 100% kommunal finansiering med fordeling etter folketal. I ein periode har Helse Bergen sagt seg villig til å stilla kompetanse til rådvelde i form av ein avtalt stillingsbrøk.

Røntgentenester er eit ansvar lagt til spesialisthelsetenesta og som også framforhandlar avtalar med private etter anbod. Eit mogeleg privat røntgentilbod på Straume vil verta finansiert gjennom eigendel frå pasienten og frå kjøpte tenester frå helseføretaket.

Dialyse er også eit spesialistansvar og vert å finansiera 100% av Helse Bergen.

Bynær fødestove er eit uavklart prosjekt. Ansvar for utgiftsdekning ligg hjå Helse Bergen.

4. Kommunale funksjonar i Fjell kommune lagt til bygget

4.1 Sjukeheimsplassar

Ei politisk styringsgruppe har arbeidd med den vidare utviklinga av Fjell kommune sine omsorgstenester. Det vert m.a. tilrådd å etablere 20 sjukeheimsplassar på Straume i det same bygget som skal husa det lokalmedisinske senteret.

Konklusjon: Det må leggjast til rette for 20 sjukeheimplassar i bygget. Desse vert 100% finansiert av Fjell kommune både når det gjeld kapitalutgifter og driftsutgifter.

4.2 Legevakt

Legevakt for innbyggjarar i Sund og Fjell held for tida til i helsesenteret på Straume. Det er aktuelt å flytta legevakta til det nye lokal medisinske senteret. Grunngevinga for dette er å kunna bruka legevakta sine ressursar og kompetanse i høve til observasjonssengene. Ledig areal på helsesenteret etter flyttinga vil verta nytta ekspansjon av egne tenester eller til utleige.

Konklusjon: Det må leggjast til rette for interkommunal legevakt for Sund og Fjell i nybygget.

4.3 Legesenter

Kommunen er blitt kontakta av fastlegar på Straume som ønskjer å avvikla solopraksis eller ein kombinert legepraksis – i alt 4 legeheimlar – og flytta dei over i nye lokale i helseområdet til kommunen. I tillegg kjem etablering av ein heimel for å avhjelpa dei legane som har altfor mange listepasientar. Det er også ønskjeleg å leggja til rettes for 1 turnuskandidat.

Konklusjon: Det må setjast av areal i bygget til 6 legepraksisar. Desse vert 100% finansiert av legane sjølve etter avtale med kommunen som huseigar.

5. Oppsummering

Dei funksjonar som skal inn i det nye lokalmedisinske senteret er i stor grad avklara dvs

- a) 10 senger til restbehandling av pasientar som vert overførte frå sjukehus
- b) 2 -3 observasjonssenger
- c) opp til 10 rehabiliteringssenger samt 16 dagplassar til rehabilitering
- d) tilrettelegging for lokalt frisklivs- og meistringssenter med eitt kontor og bruk av møterom
- e) satellitt for dialysebehandling

I tillegg er det avklart at kommunale funksjonar i Fjell skal inn i det same bygget i form av 20 sjukeheimplassar. 6 privatpraktiserande legar på Straume flyttar også til det planlagde nybygget. Det er dessutan aktuelt å flytta den interkommunale legevakta hit.

Det som er uavklart gjeld moglege røntgenteneste lokalisert til senteret. Avklaring av dette kjem venteleg vinteren 2012. I tillegg er det uavklart om spesialisthelsetenesta vil tilrå å leggja andre funksjonar til nybygget inkludert ei bynær fødestove.

Fjell kommune har sett av eigen intern byggkompetanse som er budd til å starta opp den fysiske planlegginga vinteren 2012 saman med ei breitt samansett styringsgruppe. Det vil verta tilrettelagt for god kontakt med fagfolk undervegs i planlegginga. Med slik oppstart kan bygget stå ferdig til driftsstart i 2015.

Det vil vera ein stor fordel om alle kommunane tek aktiv del i den vidare planlegginga. Det same gjeld sjølvsagt for Helse Bergen. Slik deltaking i ei prosjektgruppe vil sikra forankring og tenlege løysingar. Ein har god røynsle med slik planlegging m.a. frå gjennomføringa av Øyane DPS som no står ferdig på nabotomta til lokalmedisinsk senter. Ekstern arkitekt vil verta kopla på prosjektet gjennom anbod. Tanken er å starta opp arbeidet med

funksjonsanalyse og romprogram for dei funksjonane som er avklart for så å inkludera moglege andre funksjonar seinare. I planlegginga vil det verta lagt til rettes for utviding.

Dette notatet gjev status for planlegginga av lokal medisinsk senter. Den faglege styringsgruppa har sitt mandat frå kommunestyra i dei 4 kommunane og frå toppleiinga i Helse Bergen. Mandatet seier m.a. at gruppa skal planleggja innhald og organisering av det lokalmedisinske senteret. Føremålet med notatet er å orientera partane om status og at ein til vinteren 2012 startar opp den fysiske planlegginga. Når dei fysiske rammene omkring prosjektet ligg føre i form av funksjonsanalyse med romprogram og bygg – og driftskalkylar, er det naturleg at partane i samhandlingsprosjektet gjer bindande, formelle vedtak. I høve til dette notatet er det viktig for styringsgruppa å få eventuelle merknader til innhaldet frå Regionrådet Vest, kommunane og Helse Bergen.

Med helsing

Svein Fjelland
spesialrådgjevar

Sund, 5. desember 2011



Hordaland fylkeskommune v/fylkesrådmannen
Postboks 7900
5020 Bergen

Rullering av skulebruksplan og TAF, uttale frå Regionrådet Vest

Regionrådet Vest ser det som vesentleg å tenkje regionalt på utdannings- og opplæringsspørsmål.

Region Vest er i stor vekst, og kommunane og næringslivet har stort behov for kvalifisert arbeidskraft. I ein region med offensiv satsing på framtidsretta næring/utvikling/busetnad er det svært viktig med eit utdanningstilbod som kan gje næringslivet og kommunane den arbeidskrafta som er etterspurd.

Eitt tiltak vil vere å etablere TAF-tilbod ved dei vidaregåande skulane i regionen. Det er særskild viktig å kunne tilby denne forma for opplæring innan:

- Teknisk- og elektrofag
- Helse- og sosialfag

Ved å nytte næringsliv og offentlege arbeidsplassar i regionen i eit TAF-opplegg, får ein eit større tilbod enn det ein kommune kan gje.

Regionrådet Vest oppmodar fylkeskommunen om å etablere TAF-tilbod på dei nemnde områda.

Vennleg helsing

Ove Trellevik
Styreleiar Regionrådet Vest
Ordførar Sund kommune



Per Hillestad
Regionrådet Vest - her

Deres ref.	Vår ref. Arkivsaknr.	Saksbehandler	direkte innvalg	Løpenr.	Arkiv
	06/480-20	Else Kvernøy Bjørkhaug	56 15 80 21	38500/11	033 G00

MV - KANDIDATER TIL STYRENE I HELSEFORETAK UNDER HELSE VEST RHF

Fra møtet i Formannskapet den 22.11.2011, saksnr 120/11

De underrettes herved om at det er fattet følgende vedtak:

Kandidat: Ordfører Siv Høgtun.

Kandidat: Oddvar Jensen.

Forslag til styrerepresentanter fremsettes i samråd med Regionråd Vest.

Viser til ovennevnte vedtak og valg av Askøy kommunes kandidater. Vi er kjent med at Eli Berland har oversikt over hvilke plasser Regionrådet Vest skal bekle.

Oversender herved saken for videre oppfølging i regionrådet i hht til vedtaket.

Med hilsen

ASKØY KOMMUNE

Else Kvernøy Bjørkhaug

Sjef administrative fellestjenester

Kari Skeide
konsulent politisk sekretariat

Kopi: Siv Høgtun
Sollivegen 4
5300 KLEPPESTØ

Oddvar Johan Jensen
Krokåsvegen 24
5300 KLEPPESTØ

Regionrådet Vest - vedtekter

Vedtektene er utforma både på bokmål og nynorsk.

§ 1 Føremål

Regionrådet Vest er eit rådgjevande og koordinerande organ for kommunane Askøy, Fjell, Sund og Øygarden. Regionrådet skal fremja forpliktande samarbeid mellom kommunane, og vidareutvikling av regionen.

§ 2 Medlemskap

Kommunane Askøy, Fjell, Sund og Øygarden er med i regionrådet.

§ 3 Regionstyret

Kommunane er representerte i regionstyret med sine fire ordførarar. Regionstyret er funksjonsdyktig når 3 av medlemane er til stades.

Kvar ordførar har 1 stemme.

Varaordførarane trer inn i regionstyret ved dei respektive ordførarar sine forfall.

Regionstyret sin leiar og nestleiar vert vald mellom ordførarane, for 2 år av gangen.

Ved likt stemmetal tel leiaren si stemme dobbelt.

Rådmenna i dei deltakande kommunane har tale- og forslagsrett i regionstyret sine møte.

§ 4 Sekretariat

Sekretariatet vert ivareteke av medlemskommunane. Sekretariatsfunksjonen går på omgang, med 2 års lengd i kvar kommune.

§ 5 Kontingent

Medlemskontingent vert utrekna etter ein modell med 50% flatt og 50% etter innbyggjartal.

§ 6 Vedtektsendring

Endring av vedtektene må gjerast med 2/3 fleirtal av eit fulltalig styre og godkjennast i kommunestyra.

§ 7 Utmelding

Utmelding frå regionrådet kan finna stad pr. 01.01 kvart år og vil bli gjort gjeldande frå 01.01 påfølgjande år. Kommunar som melder seg ut må stå ved sine økonomiske forplikningar som er utrekna etter kommunen sitt folketal. Frå tidspunktet for utmelding mister kommunen sin plass i regionstyret.

§ 8 Oppløysing

Vedtak om oppløysing av Regionrådet Vest vert gjort med 2/3 fleirtal av eit fulltalig styre og etter godkjenning av kommunestyra.